

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for natur  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtedato:** 01.09.2004 **Tid:** 15.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev  
Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7 , inkl. varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Øyvind Røen  
Janne Drevsjø

**I staden møtte:**

Arne Jørgensen  
Sigmund Dyrhovden

**Andre som var tilstade på møtet:**

Ordførar, adm.sjef og fung. leiar for teknisk eining.

**Merknader:**

Møtet vart sett kl 15.00. I samband med arbeidet med reguleringsplan for Ytre Tysse var fire interessentar på Tysse innbydd til å møta medlemmane i naturutvalet for å leggja fram synet sitt på planen kva gjeld deira eigedomar. Møtet vart formelt heva frå 15.15 og sett igjen kl 16.30.

Det var ikkje høve til å handsama alle sakene denne dagen. Sakene 25 – 33/04 vart utsett, og dei vil verta handsama på eit ekstraordinært møte.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 13. september 2004

### **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Det vart reist spørsmål om utvalet skulle formelt handsama på nytt reguleringsplan for Ytre Tysse på dette møtet. Det vart røysta over spørsmålet, 5 røysta for og 2 mot.

Innkalling og saklista vart godkjend med tillegg om at reguleringsplan for Ytre Tysse vart teke med som ekstra sak.

Det var vidare semje om å handsama dei sakene som skal vidare til kommunestyret først, og at dei sakene som utvalet ikkje rakk å handsama i dette møtet vart teke opp til handsaming i eit ekstra møte.

### **GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

### **UTVALET SITT KVARTER:**

**Sture Tveit** tok opp ei rekke spørsmål.

1. Kven har ansvar for skuleplassen ved Samnanger ungdomsskule. Plassen treng sårt til utbetring
  - Adm.sjefen viste til at det er teknisk eining som har ansvaret, men pga. små ressursar på vedlikehaldssida har ikkje plassen vore prioritert. Det vart og vist til arbeidet som vert gjort på plassen knytt til bygging av ballbinge og klatrevegg.
2. Tveit ba om opplysning om kor mykje midlar kommunen bruker på innleige av maskiner. Dette inkluderte også kyrkja sin bruk. Han viste til at han har reist spørsmålet tidlegare utan å ha fått svar.
  - Administrasjonen vil framskaffe slik informasjon.
3. Framdrift i arbeidet med å skaffa ny leiar av teknisk eining
  - Adm.sjefen orienterte om at Knut Steinsland vart engasjert mellombels, og at det vert arbeidd på ulike måtar med å skaffa ny leiar. M.a. at det er dialog med eit rekrutteringsfirma.

**Arne Jørgensen** etterlyste i den samanheng om det var vurdert med utvida interkommunalt samarbeid.
4. Status for kårhuset på Tysseland vart etterlyst.
  - Det vart orientert om at kommunen har motteke stevning frå Magnar Tysseland der søksmålet både går på vedtaket om riving og også på erstatning. Kommunen har engasjert adv. Pål Heldal i saka. Han har gitt inn svar.

### **MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

På spørsmål frå medlemmane vart ein del av skriv og meldingane på den utsendte lista gått nærare inn på.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0022/04	04/00337 <b>AVLAUP FRÅ HYTTER.</b>
0023/04	04/00226 <b>SAMLA PLAN FOR VASSDRAG: OVERFØRINGAR TIL SAMNANGERVASSDRAGET.</b>
0024/04	04/00177 <b>UTBYGGINGSPLANAR I SAMNANGERVASSDRAGET OG ALDALSELV.</b>
0025/04	03/00423 <b>DELINGSSAK GNR 5/2.</b>
0026/04	04/00136 <b>DELINGSSAK GNR 34, BNR 5. EIKEDAL</b>
0027/04	04/00142 <b>SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM GNR. 33 BNR. 1, HØYSÆTER</b>
0028/04	04/00217 <b>DELINGSSAK GNR 33, BNR 15. HØYSÆTER</b>
0029/04	03/00472 <b>KLAGESAK- DELINGSSAK GNR 23, BNR 1.</b>
0030/04	04/00180 <b>DELINGSSAK GNR 24/17. GJERDE</b>
0031/04	04/00231 <b>SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST GNR 24, BNR 155.GJERDE DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.</b>
0032/04	04/00280 <b>DELINGSSAK GNR 44, BNR 3.</b>

0033/04

04/00282

**VEG TIL HYTTE GNR 37, BNR 21 HOLMANE. KLAGE PÅ  
VEDTAK I DELEGERT SAK NR.23/04**

0034/04

02/00517

**REGULERINGSPLAN FOR TYSSE**

0022/04

## **AVLAUP FRÅ HYTTER.**

### **Framlegg til vedtak::**

Fylgjande reglar gjeld for Samnanger kommune

- Under føresetnad av at tilhøva ligg til rette for det vert det gitt løyve til å leggja inn vatn i hytta/fritidseigedomen. Avlaupsløyve for gråvatnet skal skje ved spreing i grunn eller til djup sjø.
- Som hovudregel kan det monterast bio – toalett i hytter.
- Vert det gitt løyve til montering av vassklosett, er det krav om at avlaupet skal gå via minireinseanlegg eller knytast til godkjend avlaupsnett.

### **Handsaming i møte:**

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

### **Vedtak:**

Fylgjande reglar gjeld for Samnanger kommune

- Under føresetnad av at tilhøva ligg til rette for det vert det gitt løyve til å leggja inn vatn i hytta/fritidseigedomen. Avlaupsløyve for gråvatnet skal skje ved spreing i grunn eller til djup sjø.
- Som hovudregel kan det monterast bio – toalett i hytter.
- Vert det gitt løyve til montering av vassklosett, er det krav om at avlaupet skal gå via minireinseanlegg eller knytast til godkjend avlaupsnett.

0023/04

## **SAMLA PLAN FOR VASSDRAG: OVERFØRINGAR TIL SAMNANGERVASSDRAGET.**

### **Handsaming i møte:**

Utvalet drøfta sakene 23 og 24 under eitt. Det var semje om at kommunen måtte få utsett svarfristen til neste kommunestyremøtet som er den 04.11.04. Ad hoc utvalet som kommunestyret valde til å sjå nærare på m.a. energisaker vart bedt om å arbeida fram eit utkast til uttale frå Samnanger kommune.

Det vart fatta eit samrøystes vedtak.

### **Vedtak:**

Samnanger kommune føreset at svarfristen vert forlenga til 04.11.2004. Grunngevinga for dette er at saka er omfattande og svært viktig for kommunen, og ein reell sakshandsamingstid i kommunen på ein månad er ikkje forsvarleg.

Ad hoc – utvalet for energispørsmål m.a. med Arne Jørgensen, Odd Lønnebakken og Sigmund Dyrhovden vert bedt om å førebu ein uttale frå kommunen. Administrasjonen v. Hans Kristian Stenerud vil hjelpa til dersom det er trong for det.

Saka vert fremja på nytt for naturutvalet som gir tilråding for kommunestyret.

0024/04

### **UTBYGGINGSPLANAR I SAMNANGERVASSDRAGET OG ALDALSELV.**

#### **Handsaming i møte:**

Utvalet såg sakene 23 og 24/04 under eitt.

Det vart fatta eit samrøystes vedtak.

#### **Vedtak:**

Samnanger kommune føreset at svarfristen vert forlenga til 04.11.2004. Grunngevinga for dette er at saka er omfattande og svært viktig for kommunen, og ein reell sakshandsamingstid i kommunen på ein månad er ikkje forsvarleg.

Ad hoc – utvalet for energispørsmål m.a. med Arne Jørgensen, Odd Lønnebakken og Sigmund Dyrhovden vert bedt om å førebu ein uttale frå kommunen. Administrasjonen v. Hans Kristian Stenerud vil hjelpa til dersom det er trong for det.

Saka vert fremja på nytt for naturutvalet som gir tilråding for kommunestyret.

0025/04

### **DELINGSSAK GNR 5/2.**

#### **Framlegg til vedtak::**

Det vert i høve til § 63 i plan og bygningslova og i høve til eksisterande kommuneplan gjeve løyve til å dela i frå ei hyttetuft på om lag 1 daa frå gnr/bnr 5/2. Det vert sett vilkår om at frådelling og bygging ikkje kjem i konflikt med ålmenta sin ferdsel i område.

Det vert i høve til jordlova, § 12, gjeve løyve til å dela i frå ei hyttetuft på om lag 1 daa.

#### **Handsaming i møte:**

Pga. tidsnaud vart saka utsett til eit nytt ekstraordinært møte.

#### **Vedtak:**

Saka vert utsett til eit nytt ekstraordinært møte

0026/04

**DELINGSSAK GNR 34, BNR 5. EIKEDAL**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert i høve til plan og bygningslova gitt løyve til å dela i frå 2 tufter til fritidsbustadar på gnr/bnr 34/5 i Samnanger kommune. Løyve vert gjeve med vilkår om at framtidig bygging ikkje bryt med eksisterande utbyggingsstruktur, volum og form på hytter og landskap i område. Kostnadar i høve til vatn og avlaup vil liggja på eigar av tuftene. Det skal vera felles avkjørsle til tuftene frå vegen til Eikedalen Skisenter. Tuftene skal vera på om lag 0,5 daa.

Det vert i høve til jordlova, § 12, gjeveløyve til frådelling av 2 tufter på gnr/bnr 34/5.

**Handsaming i møte:**

Pga. tidsnaud vart saka utsett til eit nytt ekstraordinært møte.

**Vedtak:**

Saka vert utsett til eit nytt ekstraordinært møte

0027/04

**SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM GNR. 33 BNR. 1, HØYSÆTER**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert i høve til plan- og bygningslova, § 63, gjeve løyve til å dela i frå ein parkeringsplass på om lag 70 m<sup>2</sup> frå gnr/bnr 33/1 i Samnanger kommune. Det vert gitt dispensasjon frå kommuneplan.

Frådelinga vert gitt med vilkår om løyve frå Statens vegvesen til frådelling og utvida bruk avkjørsle.

Det vert i høve til jordlova, § 12, gjeve løyve til frådelling av ein parkeringsplass på om lag 70 m<sup>2</sup> frå gnr/bnr 33/1 i Samnanger kommune.

**Handsaming i møte:**

Pga. tidsnaud vart saka utsett til eit nytt ekstraordinært møte.

**Vedtak:**

Saka vert utsett til eit nytt ekstraordinært møte

0028/04

**DELINGSSAK GNR 33, BNR 15. HØYSÆTER**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert gjeve i høve til plan- og bygningslova, §63, gjeve løyve til å dela ein bustadtuft på om lag 1,5 daa og garasjetuft på om lag 88 m<sup>2</sup> i frå gnr/bnr 33/15 i Samnanger kommune. Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplan i høve til krav om reguleringsplan.

Det vert i høve til jordlova, § 12, gjeve løyve til å dela ei bustadtuft på om lag 1,5 daa og ein garasjetuft på om lag 88 m<sup>2</sup> i frå gnr/bnr 33/1 i Samnanger kommune . Vegen skal liggja på hovudbruket, gnr/bnr 33/15.

**Handsaming i møte:**

Pga. tidsnaud vart saka utsett til eit nytt ekstraordinært møte.

**Vedtak:**

Saka vert utsett til eit nytt ekstraordinært møte

0029/04

**KLAGESAK- DELINGSSAK GNR 23, BNR 1.**

**Framlegg til vedtak::**

Ein kan ikkje sjå at det er kome inn nye opplysningar som gjer grunnlag for å endre tidlegare vedtak i saka. I høve til plan og bygningslova, § 63, vert klagen ikkje teke til følge.

Ein kan ikkje sjå at det er kome nye moment i klagen som tilseier endring av tidlegare saksutgreiing og vedtak, og delinga kan ikkje godkjennast etter jordlova § 12. I høve til jordlova, § 12, vert klagen ikkje teke til følge.

Saka vert oversendt fylkesmannen til endeleg handsaming.

**Handsaming i møte:**

Pga. tidsnaud vart saka utsett til eit nytt ekstraordinært møte.

**Vedtak:**

Saka vert utsett til eit nytt ekstraordinært møte



0030/04

**DELINGSSAK GNR 24/17. GJERDE**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert i høve til § 63 i plan- og bygningslova gjeve løyve til å dela i frå eksisterande naust på gnr/bnr 24/17 med ei tuft på om lag 80 m<sup>2</sup>. Det vert gitt dispensasjon frå krav om reguleringsplan i kommuneplan.

Det vert i høve til jordlova gitt løyve til frådelling av eit eksisterande naust på gnr/bnr 24/17 med ei tuft på om lag 80 m<sup>2</sup>.

**Handsaming i møte:**

Pga. tidsnaud vart saka utsett til eit nytt ekstraordinært møte.

**Vedtak:**

Saka vert utsett til eit nytt ekstraordinært møte

0031/04

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST GNR 24, BNR 155.GJERDE  
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.**

**Framlegg til vedtak::**

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for bygging av naust på gnr.24 bnr.155.

I medhald av plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.24 bnr.155. Plassering og storleik i samsvar med søknad dgs.19.05.04.

I høve til innsendt tegning, må knevegg på loftet sløyfast. Takvinkel kan aukast til 45 grader. Veranda til loftet må sløyfast.

Ovannemnde krav er gjeve med heimel i plan og bygningslova § 74.

Det er ikkje lov å innreia naustet eller loftet slik at ein kan bu i det. Det er ikkje lov å leggja vatn eller avløp i naustet.

Det skal sendast inn nye tegningar med ovannemnde endringar. Desse skal vera godkjent av teknisk eining før byggjearbeida startar.

Søkjar vert godkjent som ansvarleg utførande for byggjearbeida.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

Pga. tidsnaud vart saka utsett til eit nytt ekstraordinært møte.

**Vedtak:**

Saka vert utsett til eit nytt ekstraordinært møte

0032/04

**DELINGSSAK GNR 44, BNR 3.**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert etter Plan- og bygningslova, §63, ikkje gitt løyve til å dela i frå eit hytteområde på gnr/bnr 44/3 i Samnanger kommune. Delar av område vil på den andre sida verta vurdert som hytteområde i samband med arbeid med ny kommuneplan.

Det vert etter jordlova, § 12, gjeve løyve til å dela i frå eit hytteområde frå gnr/bnr 44/3 Samnanger kommune.

**Handsaming i møte:**

Pga. tidsnaud vart saka utsett til eit nytt ekstraordinært møte.

**Vedtak:**

Saka vert utsett til eit nytt ekstraordinært møte

0033/04

**VEG TIL HYTTE GNR 37, BNR 21 HOLMANE.  
KLAGE PÅ VEDTAK I DELEGERT SAK NR.23/04**

**Handsaming i møte:**

Pga. tidsnaud vart saka utsett til eit nytt ekstraordinært møte.

**Vedtak:**

Saka vert utsett til eit nytt ekstraordinært møte

0034/04

## REGULERINGSPLAN FOR TYSSE

### **Handsaming i møte:**

Før handsaming av saka og i forkant av møtet var 4 av grunneigarane på Ytre Tysse innbydd til å leggja sakene sine fram for medlemmane i naturutvalet. Dette var i tråd med vedtaket i kommunestyret. Den eine var forhindra frå og møtet, men ordføraren orienterte om samtale med han og dessutan vart den skriftlege merknaden hans gjennomgått. Dei tre andre møtte og fekk gjort greie for synet sitt på den framlagde planen, og kva konsekvensar eit vedtak i samråd med tilrådinga frå naturutvalet ville ha og seia for dei.

Naturutvalet tok i denne sakshandsaming stilling til delar av planen.

Utvalet drøfta den informasjonen som kom fram frå oppsitjarane. Utvalet drøfta innspela punkt for punkt. Det var sett fram endringsframlegg til den framlagde planen, og det vart røysta over desse punktvis. Det var skiftande røystetal på dei ulike punkta. 5 røysta for at det skulle vera friområde på begge sider av elvemunninga, 2 røysta mot og meinte at områda her ikkje skulle vera opne for allmen ferdsel. 4 røysta for at det skulle gjevast løyve til at eit av nausta i N1 skal kunne nyttast til bustadforemål.

Det var usemje om saka skulle avgjerast av kommunestyret eller om naturutvalet hadde fått fullmakt. Utvalet vedtok at kommunestyret skulle ta avgjerd.

### **Vedtak:**

I område N2 skal det vera høve til å ha ein kombinert bruk naust/utleigerom.

I N1 skal det opnast opp for kombinert bruk av eit naust naust/bustad. Det skal leggjast restriksjonar på utsjånad på naustet mot sjøsida. Elles vert N1 slik planen viser.

FR 4 vert oppretthalden slik det er vist på planen, men det må visast/sikrast tilkomst frå riksvegen ned mot sjøsida.

S1 slamavskiljar skal plasserast i Fe3 evt. sør for Fe3.

B2 skal utvidast til elva.

Etter at desse endringane er teke inn på plankartet skal han leggjast fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.